

## **SAK 08-08 ÅRSBUDSJETT FOR 2009 OG ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2009 – 2012**

### **Saksopplysing**

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010
- Vedteke handlingsprogram, Hallingtinget, sak 08/06
- Årsbudsjett for 2008 og økonomiplan og handlingsprogram for 2008 – 2011, Hallingtinget sak 09/07.

### **Driftsbudsjettet for 2009**

Driftsbudsjettet for 2009 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2007, budsjett for 2008 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret.

Det er ikkje gjort vesentlege endringar frå budsjettet for 2008.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av regionrådet. I forhold til i 2008 er det rekna med ei total auke på kr. 34.000 til drift.

Vedlegg 2 syner forslag til driftsbudsjett for 2009.

Vedlegg 3 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane, for 2009.

### **Post 25699850 Disposisjonfond**

Det som tidlegare har stått som ubundne prosjektmidlar er i rekneskapet for 2007 ført saman med disposisjonsfond, som pr. 31.12.2007 var på kr. kr. 1.733.553,49.

Ubundne prosjektmidlar var på kr. 401.749,96 og disposisjonsfond var kr. 1.331.803,53.

Regionrådet har i 2008, sak 28/09 løyvd kr. 450.000 til eige tilflyttungsprosjekt.

I samband med budsjettet til Regionrådet for 1997 vart det oppretta ein eigen post, ubundne prosjektmidlar. Føremålet med dette var at Regionrådet skulle ha midlar til disposisjon, utover det ordinære budsjettet, for å kunne fungere effektivt og ha ein viss handlefridom. Dette har synt seg å vera svært nyttig. Utgangspunktet var at potten skulle vera minimum kr. 250.000 ved starten av året, seinare vart denne summen heva til kr. 400.000.

Tidlegare disposisjonsfond er i fyrste rekkje ”overskot” på lønnsmidlar til dagleg leiar. Ved at dagleg leiar gjorde innsats på ulike prosjekt som vart godtgjort, vart lønnsmidlar sett av til disposisjonsfond.

I løpet av eit år kjem det som regel opp forslag på gode regionale tiltak, som ikkje er budsjettert eller planlagt, men der det er naturleg at kommunane deltek. Eksempel på dette er t.d. prosjektet Lys i alle glas og karrieresenteret. Dette er ikkje nokon heldig situasjonen, samstundes som det er umogeleg å sjå for seg alt som måtte skje komande år. Ved at tiltak ikkje er budsjettert i den einskilde kommune kan dette lett føre til at det blir noko ulik handsaming og prioritering.

For å bøte på denne situasjonen kan det vera eit forslag at deler av Regionrådet sitt disposisjonsfond kan nyttast til finansiering av tiltak fyrste året, eller som ei forskottering.

Føresetnaden må sjølvsagt vera at det fyrst blir gjort positive vedtak i den einskilde kommune, om deltaking. Dersom dette er ei aktuelle løysing må det utarbeidast nærmare køyrreregler.

Eit forslag kan vera at disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.500.000 ved starten av året.

Kr. 500.000 kan disponererast av Regionrådet som løysing med ubundne prosjektmidlar. Kr.

1.000.000 kan disponererast til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men kommunane er positive til deltaking.

### Handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal

Handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal har fleire tiltak som Regionrådet eller Rådmannsutvalet har ansvaret for, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeidar om.

Vedlegg 1 er førebels forslag til justert handlingsprogram, oppsummering i forhold til ansvar og framdrift og kostnadsoversikt på dei tiltak som har vore mogeleg å talfeste. Det er i denne samanheng viktig å presisere at for ei rekke tiltak er kostnadane eigeninnsats.

Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og tilskot frå kommunane. Utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnarskapsavtale) er for 2008 på kr.

2.695.000. Her er det viktig å vera merksam på at dette er midlar som også kan søkjast på, slik at det vil vera feil å foreta eit forslag til disponering av heile potten.

I tillegg er det etablert eit regionalt næringsfond som har fått statlege midlar i 2006, 2007 og 2008, totalt kr. 4.448.000.

Her er det gjort følgjande løyvingar i Regionrådet:

- Sak 31/07, Hallingmo,	kr. 450.000
- Sak 39/07 Norges Friluftshøgskole	kr. 400.000
- Sak 51/07 Hallingforsk	kr. 1.200.000
- Sak 49/08 Utsiktsrydding	kr. 500.000
Sum disponert	<u>kr. 2.550.000</u>

Til disposisjon frå næringsfondet	<u>kr. 1.898.000</u>
-----------------------------------	----------------------

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile virkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa.

Tabell 1 syner førebels forslag til tiltak for 2009 som har ein direkte økonomisk kostnad. Her er det viktig å vera klar over at mange av tiltaka blir gjennomført av andre enn Regionrådet. I tillegg er mange av tiltaka kontinuerleg arbeid som Regionrådet arbeider med, men som er lagt inn i handlingsprogrammet. Sak 07/08 skal m.a. drøfte prioritering av konkrete tiltak for 2009.

Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram skal vera den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av handlingsprogrammet.

### **Førebels budsjett 2009, Strategisk plan for Hallingdal (nr. tiltak er refert til handlingsprogrammet)**

<b>Nr.</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Framdrift</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Kostnad</b>
<b>1.b.1</b>	Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU	20.000
<b>1.c.1</b>	Vidareutvikle felles grafisk profil og profilering	2009	RR	50.000
<b>2.b.1</b>	Regionrådet initierer ein prosess med prosessleiar/prosjektleiar utanfrå for å styrke samhandlinga i det regionale samarbeidet.	2009	RR (nytt)	100.000
<b>2.d.1</b>	Deltaking Fjellregionsamarbeidet	Kontinuerleg	RR	40.000
<b>3.a.1</b>	Oppnemne eigen arbeidsgruppe som har eit spesielt ansvar å følgje opp, m.a. i høve til å sikre slik lokalisering.	Kontinuerleg arbeidsgruppe	RR	20.000

<b>6.b.1</b>	Partnarskapsavtale med DBC-Næringshage	2007-2010	RR/HN	300.000
<b>6.b.5</b>	Bygge opp utviklings- og kompetanseprosjekt innan alternativ energi i eit samarbeid med næringslivet.	2009 - 2010	Hkn/ Næringsliv/ RR	100.000
<b>6.c.4</b>	Yrkessessa	Vinter 2009	RR	300.000
<b>6.c.5</b>	Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter)	kontinuerleg	RR	(250.000) <sup>1</sup>
<b>7.a.2</b>	Verdiskaping innan kulturminneområdet, med bakgrunn i MD og Riksantikvaren sitt program (2006 – 2010)	2007-2010	RR/RU/ Hallingdal Museum	50.000
<b>7.a.3</b>	Etablere eit regionalt kulturutval	2008, under vurdering	RR	20.000
<b>7.a.4</b>	Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.	kont	RR	30.000
<b>7.b.2</b>	Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme	kontinuerleg	HM/HR	100.000
<b>8.b.1</b>	ValHall – felles rekrutterings og entreprenørskapsprogram for Valdres og Hallingdal	2007-2010	HN/RR	40.000
<b>8.b.2</b>	Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no	2007-2010	RR/HN	40.000
<b>9.a.1</b>	Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv, ulike tiltak	2007-2010	RR/HR	800.000
<b>9.a.2</b>	Gjera Hallingdalselva (også andre elvar og fiskevatn i Hallingdal?) til innlandsnorges mest attraktive fiskeelv.	2007-2010	Elveeigarlag/ ECO/HR/RR /HN	50.000
<b>9.b.1</b>	Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla saman med utvalte reiselivsbedrifter.	2009	HR/RR/ Bondelaga	100.000
<b>11.b.1</b>	Intensivere innsatsen i arbeidet til Forum Nye Bergensbanen.	2007-2010	RR	100.000
<b>13.a.1</b>	Fellesprosjekt om sentrumsutvikling i Hallingdal	2008	RR	100.000
<b>TOTAL SUM</b>				<b>2.360.000</b>

#### Samandrag økonomiplan 2009 – 2012 (2008-kroner)

<b>TILTAK</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Driftsbudsjett	1.034.000	1.034.000	1.034.000	1.034.000
Dispositionsfond	0	-	-	-
Tiltak Strategisk plan	2.360.000	2.130.000	1.780.000	1.780.000
<b>SUM</b>	<b>3.520.000</b>	<b>3.164.000</b>	<b>2.814.000</b>	<b>2.814.000</b>

#### Finansiering

<b>TILTAK</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Kommunane, driftsbudsjett	1.034.000	1.034.000	1.034.000	1.034.000
Kommunane, dispositionsfond	0	-	-	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	600.000	600.000	600.000	600.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.886.000	1.530.000	1.180.000	1.180.000
<b>SUM</b>	<b>3.520.000</b>	<b>3.164.000</b>	<b>2.814.000</b>	<b>2.814.000</b>

<sup>1</sup> Regionoverskridande midlar

## **Forslag til vedtak**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjetten for 2009, med ei kommunal finansiering på kr. 1.034.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2009, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2009 – 2012.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.500.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 1.000.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking.
7. Regionrådet skal utarbeide nærmere retningslinjer for bruk av disposisjonsfondet.

Ål 15.9.2008

*Knut Arne Gurigard*

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Strategisk plan, økonomiplan – utkast handlingsprogram 2009 – 2010

Vedlegg 2: Forslag til driftsbudsjett for 2009.

Vedlegg 3: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2009.



<b>SAMHANDLING</b>		<b>Framdrift</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Pri.</b>
<b>Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode!</b> Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane.					
	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Tettare samarbeid mellom kommunane, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet innan tenesteproduksjon	Kont			
1	<p>Hallingdal må (i perioden) få ein gjennomgang av alle (viktige) tenesteområda for å identifisere dei område der samarbeid vil gje gevinst.</p> <p>Måla er å redusere sårbarheit, utvikle og ivareta kompetanse og effektivisere bruken av dei samla ressursane. Aktuelle tiltak kan t.d vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Utgrei utvida/felles kulturskole for Hallingdal, t.d. samarbeid om lærekrefter</a></li> <li>• Utgrei felles næringskontor for Hallingdal, t.d. med utgangspunkt i Hallingdal Etablerersenter</li> <li>• Utgrei samanslåing tekniske tenester i Hallingdal</li> <li>• Etablere (vidareutviklar) eit samarbeid om barnevern.</li> <li>• Utgrei felles kommuneoverlege for Hallingdal</li> <li>• Vidareutvikle samarbeidet mellom PP-tenestene.</li> <li>• Utgrei eit nærmare samarbeid innan samfunnsmedisin i Hallingdal, med bakgrunn og erfaringar frå andre regionar.</li> </ul>	<p>Rapport 2008</p> <p>Ikkje aktuelt, bruke HE Prosjektstilling vurdert frå 1.1.2008 Felles barnevernsvakt frå 1.9.2007 Kan vera aktuelt i løpet av 1 år Ikkje aktuelt med samanslåing Kan vera aktuelt i samanheng med kommuneoverlege</p>	RU	eigen tid	1
2	Event. opprette prosjektstilling for å vurdere konkrete samarbeidsprosjekt	Ikkje aktuelt, kontinuerleg arbeid i rådmannsutvalet	RU	eigen tid	1
3	<a href="#">Utarbeide konkrete forslag til samarbeidstiltak innan landbruksforvaltninga og private tenesteytarar på fagområdet, med mål om å etablere eit eller fleire interkommunale kompetansesentra for landbruk i Hallingdal.</a>	2008	RU/ Landbrukets Fagsenter	eigen tid	?
4	Etablere eit samarbeid om NAV-reforma for å sikre Hallingdal eit fullverdig tilbod med høg kompetanse	Avslutta	RU	eigen tid	1



5	Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar.	Kontinuerleg	RU	eigen tid	1
<b>b</b>	Open og tydeleg kommunikasjon om samarbeidsområde				
1	Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU	20.000/år	1
<b>c</b>	Offensiv regional profilering og identitetsbygging				
1	Vidareutvikle felles grafisk profil og profilering (med basis i lokal kultur)	2008-2009	RR	50.000	1
<b>Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd.</b>					
	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Klargjera kva politikkområde Regionrådet skal ha eit spesielt ansvar i forhold til ”omverda”.				
1	Setja ned arbeidsgruppe for å vurdere kva område som kan/bør regionaliserast, og korleis styring, ansvar og mynde skal organiserast	2008-2009, ikkje starta	RR (nytt)	eigen tid	2
<b>b</b>	Styrke og vidareutvikle Regionrådet og Hallingtinget.				
1	Regionrådet initierer ein prosess med prosessleiar/prosjektleiar utanfrå for å styrke samhandlinga i det regionale samarbeidet.	2008-2009, ikkje starta	RR (nytt)	100.000	2
<b>c</b>	Arbeide for Hallingdal sine interesser i samband med forvaltningsreforma. Styrke Hallingdal sin posisjon i det pågåande BTV- forsøket.				
1	Intensivere arbeidet for å vurdere Hallingdal sin posisjon i aktuelle framtidige regionar	Avslutta	RR	eigen tid	1
2	Ta initiativ til sterkare samarbeid med fjellregionane i BTV	Ikkje aktuelt, sett saman med 2.d.1	RR	eigen tid	1
<b>d</b>	Vidareutvikle fjellregionsamarbeidet på tvers av fylkesgrenser, satsing på internasjonalt nettverkssamarbeid gjennom deltaking i Fjellregionsamarbeidet og prosjekt og program som er naturleg for Hallingdal.				
1	Vidareutvikle samarbeid på fjellregionsnivå, og gjennom dette utvikle internasjonalt nettverkssamarbeid for å kome i ein meir aktiv dialog med EU. <a href="http://www.fjellregionsamarbeidet.no">www.fjellregionsamarbeidet.no</a>	Kontinuerleg	RR	40.000 eigen tid	1



<b>Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunenesentra</b>					
<b>Strategiar:</b>					
<b>a</b>	Sikre og styrke statlege og fylkeskommunale funksjonar som er lokalisert i Hallingdal.				
1	Oppnemne eigen arbeidsgruppe som har eit spesielt ansvar å følgje opp, m.a. i høve til å sikre slik lokalisering.	Kontinuerleg, arbeidsgruppe nytt regionråd. Ikkje starta.	RR	20.000	1
<b>b</b>	Felles opptreden overfor sentrale styresmakter for å få fleire statlege arbeidsplassar til regionen og utvikle beredskap for flytting av statlege arbeidsplassar.				
1	<a href="#">Kartlegge aktuelle statlege arbeidsplassar som kan vera aktuell å desentralisere</a>	2008	Arb.gr. <sup>1</sup>	eigen tid	1

<b>Mål 4: Helsefremmende tiltak i partnarskap skal fremme aktivitet, god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal</b>					
<b>Strategiar:</b>					
<b>a</b>	Utvikle partnarskapsavtalane som er gjort saman med Buskerud fylkeskommune, til å bli eit regionalt samarbeid om folkehelse				
1	<a href="#">Utarbeide regional folkehelseplan.</a> (verktøy for tiltak som Grøn omsorg, <a href="#">IL@skolen</a> , Friskliv, rett kosthold/fysisk aktivitet)	Ikkje aktuelt i 2008 men blir sett i samanheng med 1.a.1	RU/Bfk	eigen tid	?
2	Vurdere etablering av Hallingdal Friluftsråd	2009	RR	eigen tid	3
<b>b</b>	Gå inn i eit utviklingsarbeid for å synleggjera folkehelse i planarbeidet i regionen og i dei einstilde kommunane (Kan vera ein del av ein folkehelseplan?)				
1	<a href="#">Utvikla konseptet "Inn på tunet Hallingdal"</a> ( <a href="http://www.innpaatunet.no/">http://www.innpaatunet.no/</a> ) (Noko kan passe for kommunalt nivå og noko for regionalt nivå)	Førebels ikkje aktuelt, blir eventuelt løyst i den einstilde kommunen	RR/FMLA/ Bondelag	300.000 <sup>2</sup>	?

<sup>1</sup> Same arbeidsgruppe som for 3.a.1

<sup>2</sup> 100.000 frå Regionrådet, 200.000 frå FMLA



<b>Mål 5: Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter</b>					
<b>Strategiar:</b>					
<b>a</b> Etablere eit formalisert samarbeid med Ringerike HF for å utvikle Hallingdal sjukestugu vidare som distriktsmedisinsk senter.		Felles legevakt er etablert	RR/RU	eigen tid	
<b>b</b> Utgjeie eit forskings- og utviklingscenter ved Hallingdal sjukestugu i samarbeid med Helse Sør og Ringerike sykehus		Under arbeid, ansvar Ål kommune Hallingforsk	RR/RU/RS	eigen tid	
<b>KOMPETANSE</b>					
<b>Mål 6 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen.</b>					
<b>Strategiar:</b>					
<b>a</b> Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgskule og vgs. nivå og regionalt næringsliv.					
1	Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning og gjennomføre desse.	Blir vurdert i samanheng med karrieresenter (vurder også dei som vil koma til Hallingdal for å studere)	RR/Komp. nettverk	50.000	1
2	Forprosjekt for å få fokus på forsking og høgskuleutdanning knytt opp mot lokale kompetansesenter (som Hallingdal Næringshage) og vidaregåande utdanning.	2009	RR/vgs/HN /andre	50.000	2
<b>b</b> Satsing på kompetancesentra innan næringsutvikling, kultur, reiseliv, landbruk og helse					
1	Partnarskapsavtale med Hallingdal Næringshage	2007-2010	RR/HN	300.000/år	1
2	Arbeide for etablering av nasjonalt forskingssenter for reiseliv i Hallingdal	2009, sett i samanheng med NCE	RR/HR <sup>3</sup>	50.000	1
3	<a href="#">Arbeide for status som Norwegian Centres of Expertise rapport</a>	Ny runde i 2009	RR/næring	400.000 <sup>4</sup>	1

<sup>3</sup> HR=Hallingdal Reiseliv

<sup>4</sup> Ekstern finansiering



4	Utvikle Ål vidaregåande skule, avd. Lien (tidligare Lien landbrukskule), til eit kompetansesenter på brei basis.	2007-2010 Ål kommune følgjer opp	Bfk/RR	-	1
5	Satse på å bygge opp utviklings- og kompetanseprosjekt innan alternativ energi i eit samarbeid med næringslivet. Som ein del av Energi- og Klimaplan Hallingdal og Valdres.	2009-2010	Hkn/ Næringsliv/ RR	100.000/ år	1
6	Bygge opp næringshagar (veksthus) i alle kommunane, desse må stå saman i nettverk.	Eks. Hol kommune	Kommunane		1
c	<b>Auke entreprenørskaps- og innovasjonsevna.</b>				
1	<a href="#">Auka satsing på entreprenørskap i skolen, m.a. Ungt entreprenørskap Hallingdal, grunnskule (partnarskap – jobbavis)</a>	2007-2010	RR/NHO	640.000 <sup>5</sup>	
2	”Gründerklekkeriet”	kontinuerleg	HN	<sup>6</sup>	
3	Desentralisert inkubatortilbod for Hallingdal	kontinuerleg	HN	<sup>7</sup>	
4	Yrkesmessa	2009	RR	300.000	
5	Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter)	kontinuerleg	RR	(250.000 <sup>8</sup> )	
<b>Mål 7 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion.</b>					
	<b>Strategiar:</b>				
a	Ta vare på kulturarv og kulturmiljø som ressurs for verdiskaping og stadsutvikling m.a. gjennom kommunale planar.				
1	Vurdere etablering regionalt fotoarkiv.	2008, ikkje starta	RR/Arkiv	-	3
2	<a href="#">Verdiskaping innan kulturminneområdet, med bakgrunn i MD og Riksantikvaren sitt program (2006 – 2010)</a>	2007-2010	RR/RU/ Hallingdal Museum	50.000/år	1
3	Etablere eit regionalt kulturutval	2008, under vurdering	RR	20.000/år	2
4	Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.	kont	RR	30.000/år	1

<sup>5</sup> 320.000 løyvd av Regionrådet/Bfk og 320.000 frå NHO

<sup>6</sup> Som ein del av 6.b.1

<sup>7</sup> Som ein del av 6.b.1

<sup>8</sup> Regionoverskridande midlar, kommunale tilskot kjem i tillegg



<b>b</b>	Utvikle næringsverksemد med basis i regionen sin kulturelle aktivitet				
1	Gardnosbreksja som internasjonal attraksjon, oppfølging/vidareutvikling av kommunalt prosjekt	2007-2010	Nes kommune	-	
2	Hallingdal Museum som regional institusjon i samspeл kultur/turisme	kontinuerleg	HM/HR	100.000	
3	Utvikle/marknadsføre nisjeprodukt og andre opplevingar med basis i lokal tradisjon.	2007-2010	HR	9	
4	<a href="#"><u>Utvikle betre og felles informasjon om aktivitetar og tilbod på tvers av kommunane (kva skjer)</u></a>	2007-2009	RR/RU	-	1
<b>c</b>	Vidareutvikle Ål kulturhus som det regionale kulturhuset				
1	Opprette regional produsentstilling med base Ål kulturhus og verksemد i heile Hallingdal	2008	Ål kommune	10	?
2	Vurdere samling av sentrale aktørar innan kulturformidling/kulturproduksjon og reiseliv/næring under same tak.	2007-2008	Ål kommune <sup>11</sup>	50.000	?
<b><u>INNOVASJON, NÆRINGSLIV (bulyst)</u></b>					
<b>Mål 8 Etablere utviklingsarenaer og tiltak for innovasjon, nyskaping og bulyst</b>					
	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Legge til rette for bransjar med særleg vekstpotensiale gjennom samhandling.				
<b>b</b>	<a href="#"><u>Bidra til etablering og vidareføring av bransjearenaer/bedriftsnettverk</u></a>	Eks. HallingExpo			
1	ValHall – felles rekrutterings og entreprenørskapsprogram for Valdres og Hallingdal	2007-2010	HN/RR	40.000/år	
	Oppsøke høgskuler for å synleggjera Hallingdal som arbeidsregion. (del av 8.b.1)		RR/HN	-	2
2	<a href="#"><u>Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no</u></a>	2007-2010	RR/HN	40.000/år	

<sup>9</sup> Støtte ligg i tiltak 9.a.1

<sup>10</sup> Full stilling som kan finansierast med sal av tenester til ulike enkelt-produksjonar og t.d. faste oppgåver for Hallingdal teaterverkstad og kulturskulane.

<sup>11</sup> Andre aktørar er t.d. Hallingdal Teaterverkstad, kulturavdelingane i kommunane, reiselivsaktørar, private kulturformidlarar



3	Felles oversikt over næringsområde??			-	?
4	Opprette interkommunalt etableringsfond			-	?
5	Lys i alle glas, eit busetjings- og tilflyttingsprosjekt	2007 - 2011	RR/ kommunane		1
6	Tilflyttingsprosjekt	2008 - 2010	RR/kommunane, næringslivet	450.000 <sup>12</sup>	1
c	Vidareutvikle Hallingdal Etablerersenter	2007 - 2010	HE		
<b>Mål 9 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.</b>					
	<b>Strategiar</b>				
a	Støtte opp om reiselivssamarbeid				
1	Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv (Hallingdal Reiseliv må vera Hallingdals felles organ på reiseliv med fokus på felles merkevarebygging, samarbeid, kompetanse og kvalitet.)	2007-2010	RR/HR	800.000/ år	
2	Gjera Hallingdalselva (også andre elvar og fiskevatn i Hallingdal?) til innlandsnorges mest attraktive fiske elv. (eller "Hallingdal, ørretens rike")	2007-2010	Elveeigarlag/ ECO/HR/RR/D BC	50.000/år	1
3	Vurdere opprettning av eit kontaktutval for reiselivet som kan ha halvårlege dialogmøter med representantar frå kvar kommune.	Kontinuerleg	HR	eigen tid	?
4	Eigen EU-lobbyist frå Hallingdal i Brussel. (BTW)				?
b	Betre samspel og heilskapleg tenking mellom tradisjonelle reiselivsbedrifter, landbruksbaserte tilbod, kultur- og opplevelingstilbod og anna næringsliv.				
1	Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla saman med utvalte reiselivsbedrifter.	2009	HR/RR/ Bondelaga	100.000	3
c	Arbeide for betre rammevilkår for reiselivsnæringa.				
1	Fellesgodefinansieringen	2008	RR	eigen tid	

<sup>12</sup> Midlar løyvd i 2008



<b>d</b>	Utvikle og profilere innfallsportane til Hallingdal				
1	Arbeide for å etablere informasjonssenter ved Hallingporten (Gulsvik)	Treng nærmere avklaring	Flå kommune	-	1
2	Vurdere velkomstportalar ved andre innfartsvegar til Hallingdal.	2009	RR/HR	eigen tid	2
3	Utsiktsrydding	2008 - 2010	RR/kommunane/næringslivet	500.000 <sup>13</sup>	
<b>e</b>	<u>Skapa sterkare forankringar til hyttefolket</u>				
1	Etablere årlege kontaktmøte mellom kommunane si leiing og hytteeigarar (gjennom velforeiningar eller andre fora) etter Nesmodellen.	Kont	Kommunane	eigen tid	
2	Utarbeide lokal (regional) informasjon som kan sendast tomtekjøpar/hyttebyggjar tidleg tidspunkt.	2008	Kommunane	-	2
<b>Mål 10 Landbruket skal vera ei sterk næring i Hallingdal</b>					
	<b>Strategiar</b>				
<b>a</b>	Støtte tiltak som gjer det attraktivt for ungdom og satse på ei framtid innanfor primærnæringane.				
1	Stimulera til gards- og utmarksbasert turisme (Grøn turisme).	Kont	Bondelag/ HR	eigen tid	1
2	Permanent kurs- og rådgjevingstilbod til unge bønder til ein låg pris. (Etableraarrgrupper, mentortilbod, studieturuar, nettverksgrupper m.m.)	2007	HE/ Landbrukets fagsenter	-	?
<b>b</b>	Utvikle småskala matproduksjon, stimulere til høgare foredlingsgrad og legge til rette for betre distribusjon.				
1	Utgrei nisjeløysingar for landbruket i regionen (t.d. Hallingkost)	2007	Bondelaga	100.000	?
<b>c</b>	Vurdere næringsmessig utvikling av fjellområda. Utvikle kulturlandskap som t.d. stølsområda, som ein viktig ressurs, i ei næringsmessig utvikling.				
1	Etablere prosjekt mellom reiselivet og landbruket,	2008	HR/ Bondelaga	-	2
2	Støtte tiltak for auka (bruk) produksjon av bioenergi.	2007-2010	RR	50.000/år	2

<sup>13</sup> Løyvd i 2008



Som ein del av Energi- og Klimaplan Hallingdal og Valdres.				
--	--	--	--	--

<b>INFRASTRUKTUR</b>					
<b>Mål 11 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlege kommunikasjonsårer</b>					
	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Vidareutvikling av hovudvegane til/frå Hallingdal.				
1	Påverke til at Ramsrudhellingane og Sokna –Ørgenvika blir gjennomført med byggestart 2009-2010.	Kontinuerleg	RR		
2	Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik	Kontinuerleg	RR	200.000 <sup>14</sup>	
3	Sikre at Rv7 over H.vidda og Rv50 Hol/Aurland blir prioritert som fullverdige vinterbrøyta vegar	Kontinuerleg	RR		
4	Sette spesielt fokus på trafikkfarlege punkt på hovudvegane, og samarbeide om tiltak som er ønskelig i fleire av kommunane.	Kontinuerleg	RR		
<b>b</b>	Vidareutvikle Bergensbanen og arbeide for realisering av Ringeriksbanen				
1	Regionrådet intensiverar innsatsen i arbeidet til Forum Nye Bergensbanen. (For å støtte arbeidet med Bergensbanen skal Regionrådet oppnemne ei effektiv og offensiv arbeidsgruppe (3 medl.) for å støtte opp om FNBS arbeid regionalt.)	2008-2010	RR	30.000/år	
2	Samordna transporttilbod med chartertog til området (København – Hallingdal, Oslo – Hallingdal).	Kont	HR		

<b>Mål 12 Det Digitale Hallingdal<sup>15</sup> skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning.</b>				
--	--	--	--	--

<sup>14</sup> Midlar avsatt i samband med kompensasjon arbeidsgjevaravgift

<sup>15</sup> Det Digitale Hallingdal = arbeidstittel på felles IKT satsing i Hallingdal



	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Legge til rette for tilgang til Internett og digitale tenester.				
1	<a href="#"><u>Utvikle breidbandnett i Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett, og sikre rutinga heilt fram til Oslo.</u></a>	2007-2010	Hkn/RR	<sup>16</sup>	
2	Trådlaust Hallingdal	2008	RR	800.000 <sup>17</sup>	3
<b>b</b>	Betre digital samhandling mellom offentlege verksemder på tvers av forvaltningsnivåa				
1	Arbeide aktivt mot regionale/statlege nivå for å utnytte lokale løysingar best mogeleg	Kontinuerleg	RU	eigen tid	
<b>Mål 13 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal</b>					
	<b>Strategiar:</b>				
<b>a</b>	Utvikle dei ulike kommunesentra sine fortrinn innan handel, service, tradisjonar og kultur.				
1	<a href="#"><u>Fellesprosjekt om sentrumsutvikling i Hallingdal</u></a>	2008	RR	100.000	2
<b>b</b>	Samarbeide om konkrete prosjekt gjennom ulike partnarskapsløysingar og kommuneplanprosessar				
1	Legge til rette for at alternative fornybare energikjelder kan takast i bruk i alle nye private og kommunale utbygningar.	Kontinuerleg	Kommunane	-	1

<sup>16</sup> Hallingdal Kraftnett har påteke eit ansvar for utbygging av hovudnett i Hallingdal

<sup>17</sup> Midlane er løyvd frå Buskerud fylkeskommune

**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2009**

<b>KONTO TEKST</b>	<b>BUDSJETT FOR 2009</b>	<b>BUDSJETT FOR 2008</b>	<b>REKNESKAP FOR 2007</b>
<b>ADMINISTRASJON</b>			
10100 Løn	790 000	750 000	623 243
10990 Arbeidsgjeveravgift	110 000	108 750	107 673
10900 Pensjon	110 000	75 000	107 161
11900 Husleige	55 000	50 000	51 312
11301 Telefon	30 000	32 000	23 216
11300 Porto	3 000	5 000	2 407
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	12 000	15 000	8 181
12000 Inventar og utstyr	15 000	15 000	14 234
11501 Reiseutgifter, adm.	50 000	45 000	56 672
11151 Møteutgifter	5 000	5 000	3 400
11500 Kurs, konferansar	10 000	5 000	26 440
11402 Brevark, konvoluttar, logo	5 000	5 000	23 862
11209 Ymse utgifter administrasjon	15 000	10 000	21 868
13501 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	35 000	35 000	30 510
14500 Overføring til kommuner	0	0	13 226
<b>SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER</b>	<b>1 245 000</b>	<b>1 155 750</b>	<b>1 113 405</b>
<b>POLITISK DEL</b>			
10800 Godtgjersle leiar	28 000	26 000	25 800
10801 Møtegodtgjersle	30 000	40 000	9 600
10990 Arbeidsgjeveravgift	4 000	7 000	254
11501 Reiseutgifter	50 000	50 000	35 054
11209 Ymse utgifter Regionrådet	30 000	15 000	34 721
14700 Tilskot "Dølaminne"	0	6 000	0
11500 Regionrådskonferanse	25 000	20 000	0
<b>SUM UTGIFTER REGIONRÅDET</b>	<b>139 000</b>	<b>138 000</b>	<b>105 429</b>
<b>TOTALE KOSTNADER</b>	<b>1 384 000</b>	<b>1 293 750</b>	<b>1 218 834</b>
<b>INNTEKTER</b>			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	1 034 000	1 000 000	956 438
18900 Refusjon frå andre	0	0	14 642
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert	150 000	200 000	
19000 Renter av bankinnskott	200 000	100 000	449 651
19500 Fond			-6 850
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>1 384 000</b>	<b>1 300 000</b>	<b>1 413 881</b>
<b>RESULTAT</b>			
9000 Årsoverskot	0	6 250	195 047



Sak 08/08, vedlegg 3

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL FORDELING AV KOSTNADER 2008

### **FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:**

30 % etter deltagarar i regionrådet

70 % etter folketal (berekna etter 2.kv. 2008)

**BUDSJETT 1 034 000**

### **FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN**

Fordeling er gjort etter folketal 2. kv. 2008

**BUDSJETT 600 000**

### **DISPOSISJONSFOND**

Fordeling er gjort etter folketal 2. kv. 2008

**BUDSJETT 0**

### **KOSTNAD PR. KOMMUNE:**

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM
Flå	1010	44 060	44 060	88 121	30 191	0	118 312
Nes	3457	88 180	88 180	176 360	103 338	0	279 698
Gol	4474	106 517	106 517	213 033	133 739	0	346 772
Hemsedal	1976	61 477	61 477	122 955	59 067	0	182 022
Ål	4695	110 501	110 501	221 003	140 345	0	361 347
Hol	4460	106 264	106 264	212 528	133 320	0	345 848
<b>SUM</b>	<b>20072</b>	<b>517 000</b>	<b>517 000</b>	<b>1 034 000</b>	<b>600 000</b>	<b>0</b>	<b>1 634 000</b>

Ål 15.9.2008

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar